

## PRESSEMELDING

Steinvik Fiskefarm (SF) har inngått avtale om mulig kjøp (opsjon) av Pelagia sitt anlegg i Gunhildvågen i Florø.

- Avtale vart underteikna mandag 26.06.17
- I perioden fram til 01.11.17 skal det arbeidast fram ein plan med kva bygget skal brukast til
- Vidar Vårdal er engasjert som prosjektledar for dette arbeidet, Vidar Vårdal skal ha permisjon frå sin stilling si i Flora kommune i denne perioden.

I avtalen med Pelagia er det begrensing på bruken, det vil seie at bygget ikkje kan innehalde pelagisk aktivitet. Dette gjer til at ein må finne alternativ aktivitet innan andre område i fiskerinæringa. Det ein ser på som mogleg aktivitet er:

- Vidareforedling av laks og aure
- Produksjon av mikroalgar til laksefor
- Fryse-hotell for laks og aure
- Fryse-hotell for pelagisk (Pelagia)
- Fornying av kontor i andre etasje til utleige
- Mogleg innovasjonssenter for havbruk

Om kjøpet går i orden, reknar ein med 20 til 30 nye arbeidsplassar på kort sikt, og opp mot 60 innan ein periode på 5 til 8 år.

SF skal eige eigedomen og leige den ut til ulike leidgetakrar. SF skal ikkje ha eigen aktivitet i bygget. Det er stifta eit eige selskap som skal eige eigedomen, namnet blir KINN MARITIME INDUSTRI-PARK

Anlegget i Gunhildvågen er 30 år gammalt og har vore i kontinuerleg bruk desse åra. Det har vore mange eigarar. Oppgradering har vore teken fortløpende, men overgang til anna aktivitet enn det bygget er konstruert for vil trenge nye ombyggingar og investeringar. Skal ein lukkast med å få ny aktivitet på plass så må verkemiddelapparatet vere med (Innovasjon Norge og NAV).

Arbeidet med å få på plass avtalen har vore utført av: ordførar Ola Teigen, Arne Olsen (Aksello), Magnus Strand (Pelagia) og Alex Vassbotten (Steinvik Fiskefarm).

Personleg uttale, Alex Vassbotten: eg vart utfordra av Ola Teigen og Arne Olsen om anlegget i Gunhildvågen kunne brukast til ny aktivitet. I starten var eg skeptisk til kva aktivitet dette kunne vere. Anlegget er spesiallaga for pelagisk aktivitet og er stort (9500m<sup>2</sup>). men med mitt nettverk og samarbeidspartnerar har eg sett kva som kan skapast av aktivitet. Hovudaktivitet vil vere vidareforedling av lakseprodukt. Vi er i kontakt med ein aktuell kandidat som har sagt seg interessert i å prøve å lage ei eigen avdeling i Florø (namn hemmeleg inntil vidare). Dette er ny aktivitet, og ikkje flytting av arbeidsplassar. Eksportselskapet Seaborn, der SF er medeigar, brukar ulike fryselager rundt om i Norge. Tanken er å samle denne aktiviteten i Gunhildvågen (logistikkavdeling). Ein vil og kunne tilby denne tenesta til andre eksportørar av laks og aure. Flora er eit naturlig senter for oppdrett i Sogn og Fjordane, i samband med samanslåing av ein større region, må vi vere frampå. Vi ser stadig større konkurranse frå Bergen, så vi bør rakst kome i gang å skape eit innovasjonssenter for havbruk i Florø. Vi treng og å få utdanning på høgskulenivå attende. Får vi næring og det offentlege til å snakkast saman, kan vi få til eit senter for innovasjon, utdanning og utvikling av korleis oppdrettsnæringa skal gå framover. Mikroalgar er også noko vi ser på om ein kan bruke bygget til, det er nærleiken til Ewos som gjer dette interessant. Skal oppdrettsnæringa nå styresmaktene sine

mål om 5 mill. tonn innan 2050 så må ein finne alternative forkjelder. Mikroalgar er ein mogeleg løysing på denne utfordringa. Dett er mange idear, men no skal avtalar og kostnader bereknast. SF er svært nøgd med at Vidar Vårdal får permisjon frå Flora kommune (tenesteleiar bygg og anlegg), og kan starte arbeidet med å få alt plass. Vidar kjenner SF svært godt, etter mange år i styret til SF.

Bakgrunn: Etter at Pelagia i oktober i fjor tok si avgjerd om å legge ned aktiviteten ved anlegget i Florø, ga Flora kommune i oppdrag til Aksello å skaffe ny aktivitet til anlegget.

– Vi kunne ikkje sitte stille og sjå på at 50-60 arbeidsplassar berre forsvann ut av vår kommune over natta, seier ordførar Ola Teigen.

Aksello tok kontakt med mange potensielle kandidatar, og Steinvik peikte seg ut som den beste.

– Det har vore ein fryså å samarbeide med Steinvik om dette prosjektet. Å ha lokale investorar med kunnskap og kompetanse i verdsklasse, finansielle musklar og eit stort nettverk er ufattelig verdifullt for ein region som vår, seier fungerande dagleg leiar Arne Olsen i Aksello. Han er sjølv den som har leia arbeidet med å få på plass ny aktivitet.

– Det skal òg seiast at Pelagia har vore ein konstruktiv part i denne prosessen, og at Flora kommune med ordførar Teigen personleg i spissen har spela ei avgjerande rolle.

Ordførar Ola Teigen sjølv er yr av glede: - Denne løysinga vil vere fantastisk for Florø og regionen. Lokale eigara og lokal verdiskaping, mange titalls nye og heilårs arbeidsplassar, stadfesting av Florø og Gunhildvågen som eit regionalt senter for havbruk og fiskeri; dette er ein gledens dag for oss alle!

Florø, 28.06.17

Kontakt-info:

Alex Vassbotten 915 73 347

Ola Teigen 975 48 023

Arne Olsen 975 73 599

Magnus Strand 918 15 655